

Mandat kyrkjeleg fellesnemnd Midt-Telemark

Overordna

Kyrkjeleg fellesnemnd skal styre arbeidet med å tilrettelegge og gjere nødvendige vedtak for at eit nytt samanslått fellesråd i den nye kommunen kan vere operativt frå 01.01.2020.

Hovudmål for prosessen:

- Ivareta gode rammevilkår for dei to sokna Sauherad og Nes og Bø.
- Skape gode rammevilkår for kristen vekst i sokna.
- Skape gode rammevilkår for det frivillige arbeidet i kyrkjelydane.
- Fokus på ein open og transparent prosess.
- Ivareta dei tilsette i samanslåingsprosessen.
- Ivareta gode relasjonar til sokneråda, kommunen(e), prestetenesta, dei frivillige og dei tilsette/ tillitsvalte.
- Vidareutvikle eit godt og nyttig tenestetilbod for innbyggjarane i Midt-Telemark.

For at desse måla skal bli nådd får fellesnemnda nedanforståande fullmakter. Avgjersler som må bli tatt i fellesnemnda, men som ikkje blir omfatta av dette mandatet, må bli vedteken likelydande i dei to sokneråda. Dette gjeld også eventuelt justert mandat.

Tilsettingar

Fellesnemnda har fullmakt til å utarbeide stillingsbeskriving for prosjektleiar og delegasjonsfullmakt til vedkommande. Bø sokneråd er vertsfellesråd for prosjektleiar og for sekretær som avlastar prosjektleiar i oppgåver knytt til stillinga som kyrkjevevje for Bø sokneråd. Løn til sekretær dekkast av prosjektmidlar frå kommunal fellesnemnd. Det same gjeld prosjektleiartillegg til prosjektleiar.

Fellesnemnda har fullmakt til å inngå leiaravtale med kyrkjevevje for det nye fellesrådet.

Fellesnemnda kan opprette eit tilsetjingsutval som innstiller til fellesnemnda. Før nyttilsettingar skjer i administrative stillingar i resp. Fellesråd i prosjektperioden, skal fellesnemnda uttale seg for å sikre hensiktsmessig personalforvaltning i høve til framtidig samansetning av personalet.

Prosjektperioden

Fellesnemnda skal:

- utarbeide prosjektbeskriving og framdriftsplan for arbeidet fram til 2020.
- søke om prosjektmidlar frå den kommunale fellesnemnda for å dekke eingongskostnader i samband med etablering av det nye fellesrådet.
- kartlegge status for bygg, anlegg, organisasjon og økonomi.
- utarbeide budsjett for prosjektmidlane og føre rekneskap for bruken.
- utarbeide organisasjonskart for prosjektarbeidet og ev. gir mandat/ tildeler arbeidsoppgåver/ delegerer fullmakter til eit arbeidsutval, prosjektgruppe, arbeids-/ temagrupper mv.
- hente inn råd frå eksterne faginstansar etter behov og innanfor dei økonomiske rammer som blir lagt i budsjettet.

Økonomi og eigedom

- Fellesnemnda har fullmakt til å samordne og organisere det nye fellesrådet sin økonomi, her også harmonisering av avgifter med forslag til kommunal fellesnemnd m.v.

- Fellesnemnda vel økonomisystem og revisor for det nye fellesrådet. Inntil det nye fellesrådet får eige organisasjonsnummer, ligg formelt økonomiforvaltninga, arbeidsgivaransvaret og arkivansvaret for samanslåingsprosjektet til Bø sokneråd. Fellesnemnda utarbeidar budsjett for 2020, og forslag til økonomiplan 2020 – 2024.
- Fellesnemnda har fullmakt til å inngå nye tenesteytingsavtaler med den kommunale fellesnemnda.
- Fellesnemnda har fullmakt til å reforhandle, si opp og eventuelt inngå nye avtaler med tenesteleverandørar som IKT, reinhald/ renovasjon, rekneskapsføring o.a., og reforhandle, si opp og inngå dei leigeavtalane som er nødvendig/ hensiktsmessige for det nye fellesrådet.
- Fellesnemnda utarbeidar ein plan for endringar i grunnbøkene.

Gravferdsforvaltning

- Fellesnemnda gjennomgår organiseringa av gravferdsforvaltninga, inkl. meldingsrutinar.
- Fellesnemnda avklarar ressursbehov, personell og utstyr, for samla drift av gravferdsforvaltning og kyrkjegardsdrift.

Personal

- Fellesnemnda har fullmakt til å fastsette bemanningsplan for det nye fellesrådets administrative stillingar som skal gjelde frå 01.01.2020. Fellesnemnda gjennomgår stillingsbeskrivelser for alle stillingar og gjer eventuelle endringar basert på denne planen.
- Fellesnemnda gjennomfører verksemdoverdraging iht. aml. Kap. 16 og utarbeidar/ inngår nye arbeidsavtalar med alle tilsette.
- Fellesnemnda fastset overordna lønns- og personalpolitiske retningslinjer, både for sjølve verksemdoverdraginga, og for det nye fellesrådet.
- Fellesnemnda avtalar tillitsvaltordning og struktur for vernetenesta/ HMS-rutinar for det nye fellesrådet, inkludert avtale med bispedømmerrådet vedrørende samordning med prestetenesta.

Organisasjon

Fellesnemnda har fullmakt til å fastsette det nye fellesrådet sin organisasjonsplan, her under:

- leiarstrukturen
- administrative einingar og delegasjon av desse
- intern saksgang for administrative saker
- avklaring av forholdet mellom fellesrådets og sokneråda sine oppgåver og ansvar
- tenestestader for tilsette pr. 01.01.2020.
- reglement og vedtekter

Samarbeid, kultur og kommunikasjon

- Fellesnemnda skal ha fokus på og iverksette tiltak for å etablere ein felles organisasjonskultur både hos rådsmedlemmar og tilsette.
- Fellesnemnda skal i heile prosjektperioden sørge for god og kontinuerleg informasjon om prosessen ovanfor sokneråda og tilsette.
- Kopi av innkallingar med vedlegg til fellesnemnda sine møter, og protokollar frå møta skal sendast alle soknerådsmedlemmar til informasjon.

- Fellesnemnda skal ha fokus på prestetenesta i det nye fellesrådet, og bidra til gode samarbeidsforhold med prosten og bispedømmekontoret.
- Fellesnemnda skal ha fokus på samarbeidet med den nye kommunen, og etablere rutinar for drøftingar/ informasjon om aktuelle tema undervegs.

Vedteken i sak 24/17 Bø sokneråd og sak 30/17 Sauherad og Nes sokneråd 7. desember 2017.